

Mark Arkitekter AS
Hillevågsveien 101
4016 STAVANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13901 - 20/59554

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
22.09.2020

Vi treng fleire opplysningar til søknaden om tilbygg - gbnr 125/42 Kjeilen indre

Tiltak: Tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 125/42
Tiltakshavar: Geir Unneberg
Ansvarleg søkjar: Mark Arkitekter AS

Kommunen stadfestar å ha mottatt søknaden om tilbygg til bustad 10.08.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjon frå arealformålet

i kommunedelplanen. Arealformålet er ikkje bustad, men LNF (landbruks-, natur- og friluftsområde). I LNF er det forbod mot bygg som ikkje er relatert til landbruk eller allmenne friluftsiinteresser. I føresegner og retningslinjer til Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad gjeld punkta 4.21 til 4.27 for bustadområde. 4.26, som de søker om dispensasjon frå, er retningslinje som ikkje er juridisk bindande. De må senda inn ny søknad om dispensasjon frå LNF.

2. Areal

på tilbygget, eksisterande bygg eller tomte kan eg ikkje finna i søknadspapira, og heller ikkje grad av utnytting. Tomte er 1270 m².

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla **innan 22.10.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Saksbehandlingsfrist

Tidsfristar for Saksbehandling går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste som du finn på www.Alver.kommune.no . Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig behandla.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Geir Unneberg
Mark Arkitekter AS

Keilevegen 117 A
Hillevågsveien 101

5953 FONNES
4016 STAVANGER

Mottakarar:

Mark Arkitekter AS

Hillevågsveien 101

4016 STAVANGER